

Aktivitetar for knutepunktet el. samhandling 2008/2009

Svein Ølnes, Vestlandsforskning, 27.08.09

Kartlegging

Som ein del av det pågåande arbeidet med knutepunktfunksjonen for elektronisk samhandling (interoperabilitet), vedlikeheld Vestlandsforskning wiki-sider med oversikt over aktuelle initiativ innan temaet. Wiki-en finst på <http://wiki.vestforsk.no>

Seminar o.l.

11.09.08: Kombinert høyringsmøte om FAOS-rapporten og seminar om arkitekturarbeidet etterpå. Samarbeid med FAD og Difi. Teknisk arrangement i samarbeid med Norstella. Ca. 170 deltakarar og opplegget må karakteriserast som ein stor suksess. [høyrer strengt teke med på 2007/2008 sidan seminaret var planlagt gjennomført før sommarferien 2008]

15.04.09: Seminar om Los i Førde, ca. 40 deltakarar. Deltakarane var stort sett frå kommunar i Sogn og Fjordane. Viktige IT-leverandørar til offentleg sektor var inviterte for å fortelja om deira arbeid med implementering av Los og korleis bruken av Los ville bli for den vanlege innbyggjaren.

27.08.09 Seminar om elektronisk samhandling i offentleg sektor, arrangert i samarbeid med Norstella, i Oslo. Ca. 70 deltakarar og mange interessante innlegg. Kanskje litt lite tid til spørsmål og diskusjonar, men eit godt seminar med mange interesserte deltakarar.

Anna arbeid knytt til ressursnettverket

Saman med Karin Furuli, Difi (tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane) har eg skrive eit paper om utfordringar knytt til Miside. Paperet vart levert til eGov 2009 og akseptert. Det blir presentert på konferansen i Linz 02.09.09. Arbeidet er ikkje belasta RNeF økonomisk, men er likevel noko som ligg innafør det som deltakarane i ressursnettverket er oppmoda om å arbeida med.

Har også levert eit paper til NOKOBIT 2009 om Los som eksempel på lettvektstilnærming til semantisk interoperabilitet. Vurderinga av dette paperet er ikkje kjendt på noverande tidspunkt.

Planlagde aktivitetar hausten 2009

23.09.09 I regi av RNeF har Vestlandsforskning teke ansvar for gjennomføring av ein sesjon om eforvaltning på konferansen *IT-forum 2009*. IT-forum Sogn og Fjordane har arrangert ein årleg konferanse sidan 1996 og deltakartalet har vore 150 – 250 kvart år.

15.10.09 Som resultat av kontakt med *Semic.eu* i ulike samanhengar, er eg invitert til å gi ein presentasjon av «Semantics in Norway» på Advisory Group Meeting. [her kan eg også leggja til at kontakten med *semic.eu* starta med ei vidareformidling frå Leif, som trefte ein representant for prosjektet på ein konferanse i Ankara..]